



# DEN NORSKE KYRKJA

Haram sokneråd  
Boks 73  
6290 Haramsøy

Dok. 18

Kultur- og kirkedepartementet

KI

Saksnr. 2008/738 Dato. 4/7-08

Kode KI - 501 Beh.....

Kultur- og kirkedepartementet

Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Haramsøy 3. juli 2008

## Høyring – instillinga *Styrkja demokrati i Den norske kyrkja*

Vi er positive til å styrke demokratiet i Den norske kyrkja, men vi beklagar at vi ikke fekk instilla før i midten av juni og at høyringsfristen er satt til 1. september. Då vi fekk høyringa i handa, var vi allereie ferdig med siste soknerådsmøtet før sommaren og vi kjem ikke i gong igjen før i midten av september. Det hadde vært betre for demokratiet i kyrkja høyring ikke hadde blitt lagd i ferjetida.

Ho oss er det difor berre soknerådsleiaren som svarer på høyringa utan saksbehandling i soknerådet.

Det er viktig å ha ei folkestyre i ei folkekirkje. Men det er også viktig å stille grunnleggjande spørsmål som ikke kommer like tydeleg fram i instillinga:

Kven er suverenen, herren, i kyrkja? Er kyrkja som folkekirkje ei foreining på lik linje med andre? Er Gud Herren i kyrkja eller folket?

Desse spørsmål må stillast når ein skal finne den rette balansen mellom teologisk kompetanse og det allmenne prestedøme, mellom kyrkjeleg representasjon og demokratiet i kyrkja. Teologiske spørsmål er diverre nesten fråverande i innstillinga (det er ikke nok å vise kort på det allmenne prestedømet). Dette gjer tydleg at det i dag ikke er mykje, men heller for lite teologisk kompetanse i kyrkjedemokratiet.

I denne samanhengen har høyringa diverre for stor fokus på forskjellige løysningar i statleg demokrati og for lite fokus modeller i kyrkjeleg demokrati for eksempel i tidlegare protestantiske statskyrkjer utanfor Norden.

Til.: 3.3.6 Det er viktig at den kyrkelege representasjonen blir avgrensa mot Medbestemmelse.

Til 5.2.1 Det blir foreslått å få fleire leike medlemmer i kyrkjemøtet. Dette vil betyr at den teologiske kompetansen i kyrkjemøtet bli svekka. Samlikna med andre lutherske kyrkjer i Europa er det allereie i dag få teologar som er medlem av det norske kyrkjeparlamentet. Ynskjer ein å få fleire leike medlemmer i kyrkjemøtet må ein difor samstundes styrke den teologiske kompetansen med fleire utdanna teologar. Når arbeidsgruppa meinar at plassen til den ordinerte teneste er godt ivaretatt når det blir fleire leike medlemmer i kyrkjemøtet og bispedømeråda kan det oppfattast slik at ein ikke ser behovet for deira kompetanse og for eksempel svekke rekrutteringa til den ordinerte tenesta i kyrkja. Blir det derimot også fleire ordinerte i kyrkjemøte og bispedømeråda er deg mogleg å få ei større differensiering også der.

Korleis kan ein ta vare på kyrkjeleg represantativitet og likevel styrke demokratiet i kyrkja? I dag er det prestane som vel prester, tilsette som vel tilsette og leikfolk som vel leikfolk til bispedømeråda. Dette bør forandrust, slik alle kan velje alle. I den kyrkjelege valordninga i Sachsen i Tyskland er det slik at det finns to lister: ei liste for teologar og ei for leikmannsfolk. Frå kvar valkrets skal det veljast ein prest og to leike. Alle som stemmer har lov til å stemme for både leike og teologar med ei stemma på prestelista og to stemmar på den leike lista.

Det bør vurderast om ei slik ordning med forskjellige listar (kanskje 3) også kan brukast i Noreg, slik at ein sikrar teologisk kompetanse i kyrkjemøtet, men at kyrkjefolket får avgjere kva slags teologisk kompetanse dei ynskjer i kyrkjeparlamentet. Berre biskopane bør være faste medlemmer, men med forskjellege lister for leike, prester og kyrkjelege tilsette kunne ein sikre både kyrkjeleg represenativitet og demokrati.

Med vennleg helsing

Michael Hoffmann  
(Leiar i Haram sokneråd)